

**Saksgang**

| Utval                                  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|--|-------------|------------|
| Hovudutval for opplæring og kompetanse |             | 25.11.2020 |
| Fylkesutvalet                          |             | 10.12.2020 |
| Fylkestinget                           |             | 15.12.2020 |

**Spissa toppidrettstilbod i Vestland fylkeskommune**

## Forslag til innstilling

1. Ein klasse i utdanningsprogrammet studiespesialisering ved Tertnes vgs blir merka med »spissa toppidrettstilbod» og søking og inntak skjer i samsvar med sentral inntaksforskrift til vidaregåande opplæring. Det «spissa toppidrettstilbodet» er ut over fastsett timetal i utdanningsprogramma
2. Olympiatoppen Vest får eit tilskot frå Vestland fylkeskommune som skal nyttast til å følgje opp talentfulle idrettsutøvarar i heile fylket.
3. Utøvarar som er omfatta av punkt 2, får tilgang til «spissa idrettstilbod» i regi av Olympiatoppen Vest ved utøvaren sin skule og eventuelt på samlingar i regi av Olympiatoppen Vest.

## Samandrag

Fylkesrådmannen legg fram sak om prinsipp for organisering av spissa toppidrettstilbod i Vestland fylkeskommune. Dette betyr tilrettelegging for og oppfølging av talentfulle idrettsutøvarar som går ut over tilbod i programfaget toppidrett, som er eit av fleire valfrie programfag i utdanningsprogrammet idrettsfag.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmannBjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkesting handsama 9.6.2020 (PS 68/2020) sak om lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune. Saka vart sendt tilbake til administrasjonen for nærare utgreiingar om nærskulemodell.

I saka problematiserte fylkesrådmannen heimel for inntak til deler av toppidrettstilbodet i tidlegare Hordaland fylkeskommune:

«Når Vestland fylkeskommune no skal vedta lokal inntaks- og formidlingsforskrift er det vanskeleg å tilrå ordningar som er i strid med sentral forskrift. For tilbod til idrettsutøvarar, både potensielle og definerte toppidrettsutøvarar må rammene i den sentrale forskrifta vere grunnlag for lokal forskrift. I sentral forskrift § 6-11 Særlege reglar om inntak til einskilde utdanningsprogram mv første ledd, står:

For inntak til utdanningsprogram for musikk, dans, drama og utdanningsprogram for idrettsfag i Vg1 kan fylkeskommunen fastsetje særlege reglar i den lokale forskrifta om inntak. Fylkeskommunane kan fastsetje at inntil 50 prosent av plassane i desse utdanningsprogramma kan tildelast på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve, i tillegg til poeng rekna ut på grunnlag av karakterar.

Paragrafen er uttømmende på kva utdanningsprogram det er høve til å tildele plassar på grunnlag av ferdigheitsprøve i, og til kva nivå. Toppidrettstilbodet ved Tertnes vgs slik inntaket praktiserast no er i strid med sentral forskrift på to punkt:

- Det er ikkje høve til tildele poeng på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve til vg1 studiespesialisering.
- Det er ikkje høve til å reservere plass for søkarar, anna enn det som går fram av paragrafane i sentral forskrift som omhandlar søkarar med fortrinnsrett eller søkarar som av andre grunnar har behov for individuell handsaming (§ 6-15 og utover)»

Fylkesrådmannen si vurdering i sak 68/2020:

«vi må drøfte den samla satsinga på tilbod til elevar som ønsker å kombinere vidaregåande opplæring med satsing på idretten sin, og gje likeverdige tilbod i sør- og nordfylket.

Både Olympiatoppen Vest og Vestland idrettskrets ønsker ein dialog med fylkeskommunen om toppidrettssatsinga. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å først få på plass dei ytre rammene, det som skal forskriftsfestast, slik at handlingsrommet i ein dialog er avklara.»

Fylkestinget vedtok i møte 30.9.2020 (PS 107/2020) lokal forskrift for inntak og formidling i Vestland fylkeskommune. §7 Inntak til vg1 idrettsfag lyder:

- (1) Inntil 50 % av søkjarane som har Vg1 idrettsfag som sitt første ønskje, kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriteria) i tillegg til karakterpoeng og eventuelle nærskulepoeng.
- (2) Skala for tilleggs-poeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkesrådmannen.
- (3) Søkjarar som ønskjer tilleggs-poeng, må sende inn dokumentasjon frå særkrins/klubb som stadfestar dei idrettslege prestasjonane. Dokumentasjon skal sendast skulen dei har som sitt første ønskje.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har inntakskompetansen.

I fylkestinget 30. september 2020 vart det i sak PS 107/20 Lokal forskrift om inntak og formidling fatta slikt vedtakspunkt:

«Fylkestinget legg til grunn at denne inntaksforskrifta ikkje får konsekvensar for toppidrettstilbodet i Vestland. Fylkestinget kjem attende til organisering av toppidrettstilbodet og inntaket til dette etter at sak om opplæringstilbod 2021-2022 er handsama.»

### Alternative løysingar for organisering

I haust vart det sett ned ei arbeidsgruppe for å vurdere alternative løysingar for organisering av spissa toppidrettstilbod i Vestland fylkeskommune. Olympiatoppen Vest (OLTV), Vestland Idrettskrets, representantar for dei vidaregåande skulane, fylkesdirektør for opplæring og kompetanse og to representantar for hovudutval for opplæring og kompetanse har delteke. Gruppa har gjennomført to møte.

Dersom både dei prinsipielle og praktiske sidene ved eit toppidrettstilbod/spissa idrettstilbod i fylkeskommunen skal vere klare til søking når søkeportalen opnar 10. januar 2021, er det avgjerande at val av modell vert vedteke i denne saka.

Når dei ytre rammene for toppidrettssatsinga er på plass, må fylkesrådmannen i samarbeid med involverte seksjonar, skular og andre partar få på plass retningslinjer og rutinar for tilbodet, slik at søkarane kan få god informasjon om kva alternativ dei har.

Vidareføring av toppidrettstilbodet ved Tertnes vgs, med inntak til studiespesialisering på grunnlag av idrettsfaglege prestasjonar, er ikkje eit alternativ. Toppidrettstilbodet på Voss gymnas er lagt til utdanningsprogrammet idrettsfag og er allereie organisert med 50 % av plassane tilgjengeleg for søking på grunnlag av karakterar. Dette tilbodet er i tråd med nasjonal forskrift.

Det er 16 fylkeskommunale skular som tilbyr det valfrie programfaget toppidrett, anten i utdanningsprogrammet idrettsfag eller i studiespesialisering. Ein del av skulane har ekstra merksemd på nokre idrettar, i tillegg til, som alle skulane gjer, å legge vekt på utvikling i den einskilde elev sin idrett.

Toppidrett er både namnet på eit valfritt programfag tilhøyrande utdanningsprogrammet idrettsfag og namnet på det særskilde tilbodet Hordaland fylkeskommune har hatt i samarbeid med Olympiatoppen Vest. Det valfrie programfaget toppidrett er eitt av mange programfag elevane kan velje, og faget inngår i det samla timetalet eleven skal ha. I denne saka viser toppidrett til programfaget som er del av tilbodsstrukturen og «spissa toppidrettstilbod» til ulike tilbod som **går utover** det fastsette timetalet i utdanningsprogrammet.

På grunnlag av arbeidet i gruppa ser fylkesrådmannen fleire moglege alternative løysingar for organisering av toppidrettstilbod/spissa idrettstilbod i Vestland fylkeskommune:

1. Søkarar til vg1 studiespesialisering, klasse «merka» toppidrett, ved Tertnes vgs får inntak etter karakterar. Det vil seie:
  - a) Karakterane avgjer kven som kjem inn.
  - b) Alle inntekne elevar får tilbod om programfaget toppidrett som del av skulen sitt tilbod.
  - c) Olympiatoppen Vest vel ut utøvarar som får ta del i «spissa toppidrettstilbod» ut frå definerte krav til idrettsprestasjonar.
2. Utdanningsprogrammet idrettsfag blir tilbod ved Tertnes vgs. Inntak etter §7 i lokal forskrift. Det vil seie:
  - a) Til inntil 50 % av plassane på vg1 kan søkarar få tilleggs poeng for idrettsfaglege prestasjonar i tillegg til karakterpoeng. Her kan Olympiatoppen Vest ha ei rolle i fastsetting av kriterium og utveljing av søkarane.
  - b) Til 50 % av plassane konkurrerer søkarane berre på karakterar.
  - c) Alle inntekne elevar får tilbod om programfaget toppidrett som del av skulen sitt tilbod.
  - d) Olympiatoppen Vest vel ut utøvarar som får ta del i «spissa toppidrettstilbod» ut frå definerte krav til idrettsprestasjonar

Alternativ 1 og 2 bygger på den eksisterande strukturen, der toppidrettssatsinga i fylkeskommunen i vesentleg grad er konsentrert til Tertnes vgs og Voss gymnas. Val av alternativ 1 vil ha som resultat at det blir færre elevar som reelt tilfredsstillar krava Olympiatoppen Vest sette som

grunnlag for å bli teken ut til toppidrettstilbodet i Hordaland fylkeskommune: «Du må vere ein av dei beste innan idretten din i din årsklasse og ha gode faglege resultat».

Eit alternativ 3 vil vere at Tertnes vgs og Voss gymnas ikkje lenger er senter for toppidrettstilboda i Vestland fylkeskommune, og at fylkeskommunen heller spreier innsatsen gjennom å opprette «spissa idrettstilbod» på skulane som tilbyr toppidrett som programfag.

Tabellen under viser skulane som tilbyr toppidrett som valfritt programfag og kva idrettar dei profilerer seg med. Alle skulane som står oppført med ein eller fleire idrettar, tilbyr i tillegg elevane å fordjupe seg i alle andre idrettar. Informasjonen er i all hovudsak henta frå skulane sine heimesider.

| Vidaregåande skule | Utdanningsprogram                  | Idrett   | Programfag                  |
|--------------------|------------------------------------|--|-----------------------------|
| Amalie Skram       | Studiespesialisering               | Symjing og fotball   | Breiddeidrett og toppidrett |
| Arna vgs           | Studiespesialisering               | Handball og fotball  | Toppidrett                  |
| Firda              | Idrettsfag og studiespesialisering | Handball, friidrett og vektløfting                             | Breiddeidrett og toppidrett |
| Flora              | Idrettsfag                         | Alle idrettar  | Breiddeidrett og toppidrett |
| Fusa               | Kunst, design og arkitektur        | Volleyball og skiskyting                                       | Breiddeidrett og toppidrett |
| Fyllingsdalen      | Studiespesialisering               | Fotball  | Toppidrett                  |
| Hafstad            | Studiespesialisering               | Volleyball   | Ikkje programfag i idrett   |
| Kvam               | Studiespesialisering               | Volleyball   | Breiddeidrett og toppidrett |
| Sogndal            | Idrettsfag og studiespesialisering | Fotball og alpint  | Breiddeidrett, toppidrett   |
| Sotra              | Idrettsfag                         | Alle idrettar  | Breiddeidrett og toppidrett |
| Stend              | Idrettsfag                         | Alle idrettar  | Breiddeidrett og toppidrett |
| Stord              | Idrettsfag                         | Alle idrettar  | Breiddeidrett og toppidrett |
| Stryn              | Studiespesialisering med landsline | Skiskyting   | Toppidrett                  |
| Tertnes            | Idrettsfag                         | 15 ulike idrettar  | Toppidrett                  |
| Voss               | Idrettsfag                         | langrenn/skiskyting, alpint, kulekjøring og freeski/ snowboard | Breiddeidrett og toppidrett |
| Åsane              | Idrettsfag                         | Alle idrettar  | Breiddeidrett og toppidrett |

3. Ved alle skulane som tilbyr programfaget toppidrett, skal idrettsutøvarane vere ein del av toppidrettssatsinga. Det vil seie:
- Inntaket vil vere som etter modell 1 eller 2, avhengig av om det er inntak til utdanningsprogrammet studiespesialisering eller til idrettsfag.
  - Gjennom eit samarbeid mellom Olympiatoppen Vest, skulen og aktuelle klubbar blir aktuelle utøvarar valt ut til å ta del i det «spissa toppidrettstilbodet» (utover skulens timetal) ut frå deira definerte krav til idrettsprestasjonar.
  - «Spissa idrettstilbod» vil bli lokalisert spreidd utover i fylket.

I modell 3 vil ikkje lenger Tertnes vgs og Voss gymnas, som har hatt stor tyngde i utvikling av idrettsutøvarar, ha noka særskilt rolle. Særskilt har Tertnes vgs på mange vis vore «flaggskipet» i satsinga på å kombinere idrett på høgt nivå med å gjennomføre vidaregåande opplæring i offentleg regi. Denne satsinga er realisert gjennom det tette samarbeidet med Olympiatoppen Vest. Det er ingen tvil om at kvaliteten på tilbodet er god og at trenarar og støttespelarar har høg kompetanse.

Fylkesrådmannen er likevel oppteken av den sentraliseringa dette tilbodet har ført til. Dyktige idrettstalent rundt om i fylket har i stor grad berre hatt alternativet å flytte til Bergen dersom dei ønskte å ta del i Olympiatoppen Vest sitt utviklingsprogram. Utøvarar elles i fylket som ikkje ønskte å flytte, har i for liten grad vore del av strategien for vidareutvikling av unge idrettstalent.

Fylkesrådmannen legg difor fram eit alternativ 4, der ein både oppnår geografisk spreining, samtidig som idrettstalent i heile fylke får ei betre oppfølging.

4. Kombinasjon av modell 1 og 3. Det vil seie:
- Ein klasse i utdanningsprogrammet studiespesialisering ved Tertnes vgs blir merka med »spissa toppidrettstilbod», og søking og inntak skjer i samsvar med modell 1.

- b) Olympiatoppen Vest får i oppdrag å nytte tilskotet frå Vestland fylkeskommune til å følgje opp talentfulle idrettsutøvarar i heile fylket.
- c) Utøvarar i punkt b) får tilgang til «spissa idrettstilbod» i regi av Olympiatoppen Vest ved utøvararen sin skule og eventuelt på samlingar i regi av Olympiatoppen Vest.

## **Fylkesrådmannen sine vurderingar av alternativa**

### Vurdering av alternativ 1 og 2

Både modell 1 og 2 kan la seg realisere til komande skuleår. Ved val av modell 2, med oppretting av utdanningsprogrammet idrettsfag ved Tertnes vgs, må ein ta ei avgjerd på om det skal kome i tillegg til idrettsfag ved Åsane vgs. Nye Åsane vgs blei programmert for dette utdanningsprogrammet, då som flytting frå Tertnes vgs, og tilbodet er i gang ved den nye skulen.

Tilbodet i skiidrettar ved Voss gymnas er også del av toppidrettstilbodet i regi av Olympiatoppen Vest. Som omtalt er toppidrettstilbodet på Voss gymnas lagt til utdanningsprogrammet idrettsfag, og er allereie organisert med 50 % av plassane tilgjengeleg for søking på grunnlag av karakterar. Fylkesrådmannen si vurdering er likevel at midlane fylkeskommunen løyver til Olympiatoppen Vest for at talentfulle idrettsutøvarar skal utvikle seg, i større grad også bør kome ungdommar i heile Vestland fylke til gode.

### Vurdering av alternativ 3

Gjennom alternativ 3 kan ein oppnå at talentfulle idrettsutøvarar i heile fylket får tilbod om oppfølging gjennom treningsretteleing, samlingar, m.m. I alternativet har det spesifikke toppidrettstilbodet ved Tertnes vgs ikkje lenger den rolla det har i dag. Fylkesrådmannen meiner likevel at Olympiatoppen Vest må kunne nytte dei mange fasilitetane som er bygd opp ved skulen som base for samlingar av utøvarar.

### Vurdering av alternativ 4

Gjennom alternativ 4 har fylkesrådmannen forsøkt å balansere behovet for å nå utøvarar i heile Vestland fylke med ønske om å bevare kompetansemiljøet ein i dag har ved skulane som har toppidrettstilbod. Fylkesrådmannen legg til grunn ei klar forventing om at Olympiatoppen Vest tek ansvaret det ligg i talentutvikling uavhengig av kvar i fylket ungdommen bur og går på skule.

## **Toppidrettstilbodet ved Voss gymnas**

Tilbodet ved Voss gymnas omfattar idrettane langrenn/skiskyting, alpint, kulekøyning og freeski/snowboard. Inneverande skuleår er det 38 elevar totalt på alle tre nivå. Av tilskotet til Olympiatoppen Vest går om lag 2,5 mill. kr. til tilbodet i skiidrettane ved Voss gymnas.

Fylkesrådmannen si vurdering er at kostnadene per elev er svært høge, og ønsker å sjå på alternativ utnytting av ressursane, som kan kome fleire talentfulle idrettsutøvarar til gode.

## **Andre fylkeskommunale midlar til vidareutvikling av idrettstalent og miljø**

I tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune var det tilbod for «potensielle toppidrettsutøvarar» ved enkelte skular. Ved oppstart skuleåret 2013/14 var tilbod i tre idrettar definerte som spissa tilbod: volleyball ved Hafstad vgs, fotball ved Sogndal vgs og skiskyting ved Stryn vgs. I ettertid har Stryn vgs fått godkjent skiskyting som landsline og er difor ikkje del av fylkeskommunen sitt tilbod for potensielle toppidrettsutøvarar.

Målsettinga i 2013 var å demme opp for «talentflukt», både til toppidrettstilbodet ved Tertnes vgs og til private tilbod. Idrettskrinsen var oppteken av den rolla dei eldste utøvarane, elevar i vidaregåande, hadde som rollemodellar og med-trenarar for yngre utøvarar.

Desse skulane fekk tildelt nokre midlar for å legge til rette for utvikling av spelarar/utøvarar i lag med lokale klubbar og idrettslag.

Fylkesrådmannen ønsker å vidareføre og vidareutvikle denne typen tilskot, etter modell frå ordningane ved Sogndal og Hafstad vidaregåande skular. Det kan vere til lagidrettar eller individuelle idrettar, der skulane i lag med klubbar og idrettslag gir idrettsfaglege tilbod utover

tilbudet i skuletida. Det kan vere treningssamlingar og anna tilrettelegging for gode kombinasjonar av skule og idrettsutøving. Slike tilbud ved skulane kjem i tillegg til Olympiatoppen Vest si oppfølging av dei same idrettstalenta. Det er eit mål å spreie innsatsen på ulike idrettar og geografiske område i fylket.

Fylkesrådmannen si vurdering er at tilskot til skitilbudet ved Voss gymnas heller bør inngå som del av midlane fylkesrådmannen nyttar på desse ekstratilboda som skissert ovanfor. Det vil bety at midlar frå Løyvinga til Olympiatoppen Vest som i dag går til skitilbudet ved Voss gymnas, vert nytta til å vidareutvikle denne ordninga. Det er heller ikkje slik at ein idrett eller ein bestemt skule nødvendigvis skal få tilskot alle år. Det vil kunne variere med deltaking ved det enkelte tilbud.

### **Konsekvensar for inntak til vidaregåande opplæring og deltaking i «spissa toppidrett»**

Som gjort greie for vil gjennomføring av inntak til idrettsfag vere i tråd med §7 i lokal forskrift, med inntil halvparten av plassane tildelt på grunnlag av tilleggspoeng etter ferdigheitsprøve. For inntak til studiespesialisering er det karakterane som styrer. Alle søkarar får nærskulematrise etter vedteken matrise.

Ved søking kan søkarane hake av for at dei ønsker toppidrett (programfaget i vidaregåande opplæring), og skrive kva idrett det gjeld. Etter søknadsfristen vil Olympiatoppen Vest i lag med krins og klubb avgjere kven som er kvalifiserte til deltaking i «spissa toppidrettstilbod». Desse søkarane vil få nærskulepoeng til skule på 1. ønske, slik at dei kan konkurrere om plassane ved skule som har aktuell idrett.

### **Konsekvensar for sak om opplæringstilbod for skuleåret 2021/22**

Vedtak i denne saka får konsekvensar for sak om opplæringstilbod som hovudutval for opplæring og kompetanse handsamar 25.11.2020. Tilbod ved Tertnes vgs og Voss gymnas vert i den saka lyst ut som «toppidrettstilbod» med eigen kode. Det er behov for å justere det til ordinær studiespesialisering ved Tertnes vgs og ordinær idrettsfag ved Voss gymnas.

**Økonomi:** Løyving til Olympiatoppen Vest blir vedteke i budsjetthandsaming for 2021

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant